

Vinjerock føslo



Strikkeoppskrift til voksne

(str dame, herre)


Design Marit Gjørdingen

Størrelse: dame (herre)

Garn: Pt5 sport frå Rauma nr 568 blå (100 g til dame og 150 til herre) og natur nr 503(50g til begge str)

Pinnar: Strømpepinnar 3 og 3,5

Strikkefastheit: 23m på p 3,5 = 10cm



Føslo:

Legg opp 60 (68) masker på strømpepinne 3 og strikk rundt med vrangbord 2 rett og 2 vrang 12 omgangar. Skift til pinne 3,5 og strikk 1 omg glattstrikk i botnfarge. Hald fram etter diagrammet ved rett storleik. Set eit midtmerke etter 30, (34) masker.

Når du er ferdig med diagrammet held du fram med botnfarge og vrangbordstrikk 14,(18) omgangar. Start med 1 rett '2 vrang 2 rett' og gjenta frå 'til 'ut omgangen. Slutt med 1 rett. Maska før og etter midtmerket skal no vera vrange.

Hæl: Sett dei 28, (32) maskene midt bak på ein pinne og strikk desse i glattstrikk fram og tilbake til du har 5,(6)cm.

Hælfelling: Strikk 16,(18) masker rett, 2 masker vridt rett saman, 1 maske rett, snu arbeidet. Strikk 6 masker vrang, 2 vrang saman, 1 vrang, snu arbeidet. Strikk 7 masker rett, 2 masker vridt rett saman, 1 maske rett, snu arbeidet. Strikk 8 masker vrang, 2 masker vrang saman 1 maske vrang, snu arbeidet. Strikk 9 masker rett, 2 masker vridt rett saman, 1 maske rett, snu arbeidet. Strikk 10 masker vrang 2 masker vrang saman, 1 maske vrang, snu arbeidet. Slik held du fram med ei maske meir før du strikkar 2 masker saman kvar gong, heilt til du har strikka alle maskene på pinnen.

Plukk no opp ca 10, (14) masker på kvar side av hælen og hald fram rundt på 4 pinnar

No skal du felle i kvar side av overgangen mellom under og over foten, samtidig som du held fram med vrang og rett oppå foten. Strikk 2 masker saman i kvar side under foten annankvar omgang til du har att 52, (60) masker. Hald fram med glattstrikk under foten og vrangbord oppå foten, til foten måler 18, (22) cm(4 cm kortare enn heil lengde). Her kan du justere

lengda på foten om du vil.

Tåfelling: Fordel no maskene slik at du har 13 (15) masker på kvar pinne. No strikkar du glattstrikk på alle pinnane. Strikk dei to fyrste maskene på kvar pinne saman kvar 2 omgang 4 gonger, strikk så dei to fyrste maskene på pinnen saman kvar omgang til du har 20 masker att. Strikk no 2 og 2 masker saman ut omgangen. Trekk ein tråd gjennom dei resterande maskene. Fest no alle endane godt.

Då gjenstår det å strikke ei fösle til så er du i mål□

Eg må ta atterhald om eventuelle trykkfeilar eller manglar som eg har oversett. Sei gjerne frå om du finn nokon, slik at eg kan få retta det opp.

© copyrights, alle rettigheitar tilhøyrrer Marit Gjærdingen

Organsisasjonsnr: 995160420